HELSE VEST

**STYRESAK 116/20 Administrerande direktør si orientering pkt. 1**
**OVERSIKT OVER TILSYNSSAKER I HELSE VEST:**
**OVERSIKT OVER STATUS I TILSYNSSAKER SOM ER GJENNOMFØRTE, ELLER SOM IKKJE ER AVSLUTTA I PERIODEN.**

**(Nye saker og nye aktiviteter i perioden er merka med raud skrift.)**

Nytt sidan førre rapportering: **Til saman tre nye tilsyn. Tre tilsyn er lukka**.

| MYNDIGHETSORGAN (HVEM SOM UTFØRER TILSYNET) | HELSE-FØRETAK | OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET | HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK? | STATUS I SAKA OG NÅR AVVIK ER FORVENTA LUKKA |
|---|---|---|---|---|
| **Arbeidstilsynet** | Helse Førde HF | Arbeidstilsynet gjennomførte tilsyn ved Ungdomspost Psykisk Helsevern (UPH) 03.09.2020. Hensikta med tilsynet var å kontrollere korleis verksemda etterlever krav i regelverket, spesielt i høve til førebygging av vald og truslar. | **Tilsynet resulterte i tre varsel om pålegg:**<br>- Arbeidsgivar skal i samarbeid med bedriftshelsetenesta utarbeide ein plan for bedriftshelsetenestas bistand i verksemda.<br>- Arbeidsgivar må betre verksemdas kartlegging og risikovurdering ved arbeidssituasjonar som kan medføre at tilsette blir utsatt for vald, trussel om vald og uheldige belastningar som følge av kontakt med andre. På denne bakgrunn skal arbeidsgivar utarbeide planar og sette i verk tiltak for å redusere risikoen. Arbeidsgivar skal gjøre dette i samarbeid med verneombod/tilsette sin representant.<br>- Arbeidsgivar skal gi dei tilsette nødvendig opplæring og øving i førebygging og handtering av vald og trusselsituasjonar, og i bruk av eventuelt sikkerheitsutstyr. Dei tilsette skal ha kunnskap slik at dei, så langt det er mogeleg, er beskytta mot vald og trussel om vald. Opplæringa og øvinga skal gjentas og tilpassast vesentlege endringar i risikovurderinga og ellers når det er naudsynt. | Helse Førde jobbar med å svare ut pålegga. |
| **Heis-kontrollen AS** | Helse Fonna HF | Periodisk sikkerhetskontroll av heis ved Valen sjukehus. | **Det vart avdekka to avvik ved tilsynet:**<br>1. Låstapp i andre etasje gikk treigt.<br>2. Opplysningsskilt i sjaktebunn var løsna frå veggen og lå i botn.<br>Begge avvika har alvorsgrad 4. | Helse Fonna jobber med å lukke avvika. |
| **KIWA** | Helse Førde HF | KIWA har gjennomført tilsyn med Førde sentralsjukehus Lærdal i høve til miljøstyringssystem. | **Det vart avdekka eitt avvik:**<br>«Ved teknisk drift Lærdal er det ikke definert hvem som er ansvarlig for kjemikaliehåndteringen i avdelingen. Dette | Helse Førde jobbar med å lukke avviket. |

| MYNDIGHETSORGAN (HVEM SOM UTFØRER TILSYNET) | HELSE-FØRETAK | OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET | HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK? | STATUS I SAKA OG NÅR AVVIK ER FORVENTA LUKKA |
|---|---|---|---|---|
| | | | omfatter registrering og risikovurdering i stokartoteket ( Eco - Archive), inklusive oppdatering av sikkerhetsdatablad/verneblad.» Frist for lukking av avvik er 22.12.2020 | |

## Tilsynssaker under arbeid:

| MYNDIGHETSORGAN (HVEM SOM UTFØRER TILSYNET) | HELSE-FØRETAK | OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET | HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK? | STATUS I SAKA OG NÅR AVVIK ER FORVENTA LUKKA |
|---|---|---|---|---|
| **Arbeidstilsynet** | Helse Stavanger HF | Arbeidstilsynet har gjennomført tilsyn ved Kvinne- og barneklinikken i høve til organisatorisk og psykososialt arbeidsmiljø. | **Eitt avvik**:<br>Arbeidsgivar blei pålagt å gjennomføre ein systematisk og heilskapleg kartlegging og risikovurdering av det organisatoriske og psykososiale arbeidsmiljøet. | Helse Stavanger jobbar med å lukke avviket. |
| **Arbeidstilsynet** | Helse Fonna HF | Arbeidstilsynet gjennomførte i oktober 2019 tilsyn med laboratorie- og røntgentenestar ved Odda sjukehus. | **To avvik:**<br>- Arbeidstid -oppfølging av kapittel 10 i arbeidsmiljølova<br>- Arbeidstid — godtgjering for overtid»<br><br>Brev frå Arbeidstilsynet:<br>Arbeidstilsynet har ikkje mynde til å ta stilling til inngåtte avtalar mellom partane og kor desse er ueinige.<br><br>Med bakgrunn i at vi ikkje har mynde, vil Arbeidstilsynet ikkje følgja opp dei varsla pålegga.<br>Følgande varsla pålegg vil ikkje bli følgde opp vidare, og blir rekna som avslutta:<br>- Arbeidstid -oppfølging av kapittel 10 i arbeidsmiljølova.<br>- Arbeidstid — godtgjering for overtid». | Saka er lukka frå Arbeidstilsynet sin side. |
| **Arbeidstilsynet** | Helse Fonna HF | Arbeidstilsynet har gjennomført tilsyn ved Valen sjukehus, døgnavdeling for å undersøke om verksemda følger | **Det blei gitt fem pålegg:**<br>1. Vald, truslar om vald og uheldige belastningar – kartlegging, risikovurdering, tiltak og plan<br>2. Biologiske faktorar – kartlegging og risikovurdering | Saka blei lukka 07.05.2020. |

| MYNDIGHETSORGAN (HVEM SOM UTFØRER TILSYNET) | HELSE-FØRETAK | OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET | HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK? | STATUS I SAKA OG NÅR AVVIK ER FORVENTA LUKKA |
|---|---|---|---|---|
| | | arbeidsmiljøloven sine krav for å førebygge arbeidsrelatert sjukdom og skade. | 3. Biologisk helsefare – tiltak og plan<br>4. HMS-arbeid – avviksrutine<br>5. Bedriftshelseteneste – plan for bistand | |
| **Arbeidstilsynet** | Helse Bergen HF | Arbeidstilsynet har gjennomført tilsyn ved psykiatrisk klinikk med temaet førebygging av arbeidsrelatert sjukdom og skade. | Det blei gitt fem pålegg:<br>1. Kartlegging, risikovurdering, tiltak og plan når det gjeld vald, truslar om vald og uheldige belastningar.<br>2. Vurdering av om arbeidstids- ordninga er forsvarleg (verksemda har over 50 tilsette).<br>3. Rutinar knytt til HMS-arbeid.<br>4. Plan for bistand frå bedriftshelse- tenesta.<br>5. Vurdering av inndelinga i verneområde.<br><br>**Krav om opplysningar:**<br>• Kartlegging av biologiske faktorar.<br>• Plan/rutine for å fjerne eller redusere førekomsten av belastande og/eller helseskadelege biologiske faktorar. | Helse Bergen jobbar med å lukke saka. |
| **Arbeidstilsynet** | Helse Bergen HF | Kvinneklinikken:<br>Tilsyn med utvalde organisatoriske og psykososiale arbeidsvilkår og verksemda sitt arbeidsmiljøarbeid. | **Varsel om pålegg:**<br>1 *Verneombod - tid*<br>Utgreiing om korleis verneomboda sikrast naudsynt tid til vernearbeidet.<br>Frist: 25.10.2019<br><br>2 *Arbeidstidsordning - vurdering av om ordninga er forsvarleg.*<br>• Vurdering av ordninga for jordmødre.<br>• Handlingsplan med tiltak som følge av vurderinga, med tidsfristar og status.<br>• Omtale av korleis verneomboda har medverka.<br>• Referat og sakspapir frå AMU om saka.<br>Frist: 15.11.2019<br><br>3 *Verneombod - tatt med på råd*<br>Utgreiing om korleis verneomboda vert tatt med på råd, m.a. i samband med AMU, årsturnus, nybygg og omstilling. | Helse Bergen jobber med å lukke avvika. |

| MYNDIGHETSORGAN (HVEM SOM UTFØRER TILSYNET) | HELSE-FØRETAK | OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET | HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK? | STATUS I SAKA OG NÅR AVVIK ER FORVENTA LUKKA |
|---|---|---|---|---|
| | | | Frist: 25.10.2019<br><br>**Vedtak om pålegg:**<br>Arbeidstidsordning - vurdering av om ordninga er forsvarleg:<br>"Arbeidstilsynet stiller spørsmål ved om ein årsturnus med over 1500 ledige/udekte vakter er arbeidsmiljømessig forsvarlig."<br><br>**Vedtak om pålegg:**<br>Bedriftshelseteneste - plan for bistand:<br>Arbeidsgjevar skal i samarbeid med bedriftshelsetenesta utarbeide planar for bedriftshelse-tenesta sin bistand i verksemda. | |
| **Arbeidstilsynet** | Helse Vest RHF | Tema for tilsynet var «organisatoriske arbeidsbetingelsar og verksemda sitt arbeidsmiljøarbeid». | **11 pålegg**:<br>Verneombod:<br>1. Opplæring<br>2. Inndeling av verneområde<br><br>Arbeidsmiljøutval:<br>3. Opplæring<br>4. Avklaring av oppgåver<br>5. Varsling: Rutine<br><br>HMS:<br>6. Kartlegging og risikovurdering<br>7. Tiltak og plan<br>8. Systematisk HMS-arbeid<br>9. Avviksrutine<br>10. Gjennomgang av internkontroll<br>11. Opplæring i bruk av avvikssystem | Helse Vest RHF jobbar med å lukke avvika. |
| **Arbeidstilsynet** | Helse Førde HF | Tilsyn med Førde sentralsjukehus i høve til inneklima. | Det er fatta vedtak om tre pålegg:<br>1. HFD skal kartlegge og risikovurdere om arbeidslokale er utforma slik at dei enkelte arbeidsplassane, personal-romma osv. har eit tilfredsstillande inneklima. | Helse Førde jobbar med å lukke avvika. |

| MYNDIGHETSORGAN (HVEM SOM UTFØRER TILSYNET) | HELSE-FØRETAK | OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET | HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK? | STATUS I SAKA OG NÅR AVVIK ER FORVENTA LUKKA |
|---|---|---|---|---|
| | | | 2. Det skal setjast i verk tiltak og/eller utarbeidast plan for å fjerne eller redusere forhold som kan føre til helseproblem på grunn av dårleg inneklima.<br>3. Det skal sørgjast for at bedriftslesetenesta hjelper til med gjennomføringa av pålegg som er gitte.<br><br>03.12.2019 fikk Helse Førde eitt nytt pålegg knytt til risikofaktorar, med frist 31.02.2020. | |
| **Arbeidstilsynet** | Helse Fonna HF | Tilsyn 07.06.18 ved Kvinnherad ambulansestasjon<br>Tema: «Arbeidstilsynet fører tilsyn med at verksemdene følgjer arbeidsmiljøloven sine krav for å førebyggje arbeidsrelatert sjukdom og skade». | <u>Seks pålegg:</u><br>1. *Bedriftshelseteneste – plan for bistand:*<br>Arbeidsgivar skal i samarbeid med bedriftshelsetenesta utarbeide ein plan for bedriftshelsetenesta si bistand i verksemda.<br><br>2. *Vald, truslar om vald og uheldige psykiske belastningar - kartlegging, risikovurdering, tiltak og plan:*<br>Arbeidsgivar må forbetre verksemda si kartlegging og risikovurdering ved arbeidssituasjonar som kan medføre at arbeidstakar blir utsett for vald, trussel om vald og uheldige belastningar som følgje av kontakt med andre.<br><br>3. Biologiske faktorar -*kartlegging og risikovurdering:*<br>Arbeidsgivar skal kartlegge eksponering av biologiske faktorar og vurdere risiko for arbeidstakarane si helse og sikkerheit.<br><br>4. Biologisk helsefare — tiltak og plan:<br>Arbeidsgivar skal setje i verk tiltak og/eller utarbeide plan for å fjerne eller redusere førekomst av belastande og/eller helseskadelege biologiske faktorar.<br><br>5. Manuelt arbeid - kartlegging og risikovurdering:<br>Arbeidsgivar skal kartlegge manuelt arbeid som kan innebere risiko for helseskadar. På bakgrunn av kartlegginga må helsemessig risiko vurderast. | Saka blei avslutta 04.10.2019. |

| MYNDIGHETSORGAN (HVEM SOM UTFØRER TILSYNET) | HELSE-FØRETAK | OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET | HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK? | STATUS I SAKA OG NÅR AVVIK ER FORVENTA LUKKA |
|---|---|---|---|---|
| | | | 6. Manuelt arbeid - tiltak og plan:<br>Arbeidsgivar skal gjennomføre nødvendige tiltak og/eller utarbeide plan for å fjerne eller redusere førekomsten av belastande og helseskadeleg manuelt arbeid. | |
| **Arbeidstilsynet** | Helse Fonna HF | Tilsyn 19.04.18 ved Haugesund ambulansestasjon og 27.04.18 ved Karmøy ambulanse Stasjon<br>Tema: Arbeidstilsynet fører tilsyn med at verksemdene følgjer arbeidsmiljøloven sine krav for å førebygge arbeidsrelatert sjukdom og skade. | <u>Fire pålegg:</u><br><br>1. Bedriftshelseteneste – plan for bistand.<br>Arbeidsgivar skal i samarbeid med bedriftshelsetenesta utarbeide ein plan for bedriftshelsetenesta sin bistand i verksemda.<br><br>2. Biologiske faktorar -kartlegging og risikovurdering.<br>Arbeidsgivar skal kartlegge eksponering av biologiske faktorar og vurdere risiko for arbeidstakarane sin helse og sikkerheit.<br><br>3. Biologiske faktorar -kartlegging og risikovurdering.<br>Arbeidsgivar skal kartlegge eksponering av biologiske faktorar og vurdere risiko for arbeidstakarar sin helse og sikkerhet.<br><br>4. Vald, truslar om vald og uheldige psykiske belastningar - kartlegging, risikovurdering, tiltak og plan.<br>Arbeidsgivar må forbetre verksemda si kartlegging og risikovurdering ved arbeidssituasjonar som kan medføre at arbeidstakar blir utsett for vald, trussel om vald og uheldige belastningar som følgje av kontakt med andre. | Saka blei avslutta 04.10.2019. |
| **Arkivverket** | Helse Vest RHF | Organisering av arkiv og elektronisk arkivdanning, blant anna arkivplan, journalføring og fagsystem. | Avvik der mogelege pålegg blir vurdert:<br>1. Dokumentere korleis arkivansvaret vart ivaretatt.<br>2. Oppdatera arkivplanen.<br>3. Kartleggja og dokumentera aktive og avslutta elektroniske system som er ein del av Helse Vest RHF sitt arkiv. | Helse Vest RHF jobbar med å lukke avvika. |

| MYNDIGHETSORGAN (HVEM SOM UTFØRER TILSYNET) | HELSE-FØRETAK | OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET | HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK? | STATUS I SAKA OG NÅR AVVIK ER FORVENTA LUKKA |
|---|---|---|---|---|
| | | | 4. Arbeida ut ein plan for uttrekk frå avslutta arkivperiodar i journal- og arkivsystem, og ifrå avslutta og aktive verneverdige fagsystem.<br>5. Sende inn utkast til plan for bevaring og kassasjon. | |
| **Datatilsynet** | Alle | Med bakgrunn i konsolideringa av helseføretaka sine elektroniske pasientjournalar i ein database har Datatilsynet ved likelydande brev til helseføretaka sett i gang ein brevkontroll med om HF-a sin pasientjournal, inklusive pasient-administrativt system handsamast i samsvar med pasientjournal-lova sine føresegner. | Helse Vest fikk i 2016 to pålegg:<br>1. Helseføretaka skal gjennomføre risikovurderingar med omsyn til uautoriserte oppslag gjennomført av eigne tilsette<br>2. Helseføretaka skal etablere funksjonelle løysingar for sperring av journal for deler av journalinnhald og med omsyn til større grupper helsepersonell | Helse Vest svarte ut pålegga i samarbeid med dei fire helseføretaka i 2016, men har framleis ikkje motteke svar. |
| **Direktoratet for samfunns-tryggleik og beredskap (DSB) (KIWA Inspecta)** | Helse Stavanger HF | Det blei utført kontroll av gassanlegga i følgande bygg: Våland, Varatun DPS, Stavanger DPS, Sola DPS, Lassa Rehab, Gauselskogen og Engelsvoll. Samlege bygg er tilkopla naturgassnettet til Lyse i Stavanger. | **Fire avvik:**<br>• Brennbart materiell i fyrrom på Engelsvoll må fjernast.<br>• Dør til fyrrom på Varatun DPS og Gauselskogen går feil veg (skal gå innover).<br>• Det Anbefalast magnetventil med forrigling i fyrrom under terreng på Lassa Rehab.<br>• Utilgjengeleg abonnementskap på Gauselskogen må utbetrast. | Helse Stavanger har utbetra alle avvika og saka blei lukka 01.09.2020. |
| **Heisconsult tekninsk rådgiving** | Helse Fonna HF | Tilstandskontroll heiser ved Odda og Valen sjukehus. | Tilstandskontroll<br>Personheis,<br>Odda Sjukehus:<br>Det blei avdekka 3 avvik. Heisconsult har skissert tiltak for lukking av avvika.<br><br>Tilstandskontroll<br>Senge-/vareheis, Odda Sjukehus: | Helse Fonna lukka alle avvika 06.02.2020. |

| MYNDIGHETSORGAN (HVEM SOM UTFØRER TILSYNET) | HELSE-FØRETAK | OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET | HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK? | STATUS I SAKA OG NÅR AVVIK ER FORVENTA LUKKA |
|---|---|---|---|---|
| | | | Det ble avdekka 1 avvik. Heisconsult har skissert tiltak for lukking av avviket.<br><br>Tilstandskontroll<br>Person-/vareheis<br>Valen Sjukehus DPS:<br>Det ble avdekka 4 avvik. Heisconsult har skissert<br>tiltak som må utførast for å utbetre/nullstille NHK rapport.<br><br>Tilstandskontroll<br>Person-/vareheis Valen Sjukehus DPS:<br>Det ble avdekka 3 avvik. Heisconsult har skissert tiltak som må utførast for å utbetre/nullstille NHK rapport.<br><br>Tilstandskontroll<br>Person-/vareheis Valen Sjukehus DPS:<br>Det ble avdekka 3 avvik. Heisconsult har skissert<br>tiltak som må utførast for å utbetre/nullstille NHK rapport.<br><br>Tilstandskontroll<br>Person-/vareheis, Valen Sjukehus DPS:<br>Det ble avdekka 5 avvik. Heisconsult har skissert tiltak som må utførast for å utbetre/nullstille NHK rapport.<br><br>Tilstandskontroll<br>Person-/vareheis, Valen Sjukehus DPS:<br>Det ble avdekka 2 avvik. Heisconsult har skissert tiltak som må utførast for å utbetre/nullstille NHK rapport. | |
| **Mattilsynet** | Helse Bergen HF | Mattilsynet har hatt tilsyn på postkjøkken ved kirurgisk klinikk, medisinsk avdeling og hjerteavdelinga i høve til mathandtering. | To pålegg:<br>1. Opplæring:<br>Alle tilsette som handterer mat til pasientar må gjennomføre opplæring tilpassa sine oppgåver, og slik det er skrive i eige system. Gjennomført opplæring må dokumenterast.<br><br>2. Internkontoll: | Helse Bergen jobber med å lukke avvika. |

| MYNDIGHETSORGAN (HVEM SOM UTFØRER TILSYNET) | HELSE-FØRETAK | OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET | HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK? | STATUS I SAKA OG NÅR AVVIK ER FORVENTA LUKKA |
|---|---|---|---|---|
| | | | Helse Bergen må gjennomgå rutinar for temperaturkontroll og reinhald, og sørge for at det blir samsvar mellom det som skjer i praksis og det som står skrive i interne retningslinjer. | |
| **Norsk Akkreditering (NA)** | Helse Stavanger HF | Norsk Akkreditering har hatt tilsyn med avdeling for medisinsk biokjemi i høve til IKT. | **Fire avvik:**<br>• Det er usikkert om rutinar for arkivering av rådata frå analyseinstrumentane oppfyller krava i standarden.<br>• Valideringsrapporten for Flexlab manglar ein tydeleg konklusjon. Den er heller ikkje signert av ansvarlig på laboratoriet.<br>• Det manglar ein versjonsstyring for laboratoriets brukarveiledninger i Flexlab.<br>• Integrasjonsoversikten manglar beskriving av kva for nokon laboratorieinstrumentar som er direkte koplet til Flexlab. | Tre av avvika er lukka. Helse Stavanger jobbar no med å lukke det siste avviket. |
| **Rogaland brann og redning** | Helse Stavanger HF | Rogaland brann og redning har gjennomført branntilsyn ved psykiatrisk klinikk Gausel | **Eitt avvik:**<br>Manglande dokumentasjon av brannvernopplæring og øving.<br><br>Avvik frå: Forskrift om brannforebygging § 13 Brukerens dokumentasjon.<br>Kommentar:<br>«Det blir gjennomført brannvernopplæring og øvelser, men det er en utfordring med å få dette tilstrekkelig dokumentert. Internrevisjon viser at ca. 20 % av gjennomførte brannvernopplæring og øvelser ikke blir dokumentert i kompetanseportalen.<br>Tallene på foretaksnivå dokumenterer at 40-50 % av de tilsette har gjennomført både e-læringskurs og praktisk brannøvelse. Tallene er noe bedre visst en søker klinikknivå, då er resultatet ca 80%. Dette skyldes at en person kan arbeide på flere klinikker og systemet klarer ikke å fange opp dette og derfor vil det på foretaksnivå få et dårligere resultat.<br><br>Brannvernopplæring skal sikre at alle ansatte er kjent med ansvarsforholdene før og under brann, samt at ansatte har | Helse Stavanger jobbar med å lukke saka. |

| MYNDIGHETSORGAN (HVEM SOM UTFØRER TILSYNET) | HELSE-FØRETAK | OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET | HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK? | STATUS I SAKA OG NÅR AVVIK ER FORVENTA LUKKA |
|---|---|---|---|---|
| | | | kjennskap til instruks for varsling, evakuering/redning og slokking. Denne opplæringen må dokumenteres». | |
| **Sivilombodsmannen** | Helse Stavanger HF | Sivilombodsmannen har gjennomført tilsyn med Klinikk psykisk helsevern barn, unge og rusavhengige i høve til førebygging av tortur og annen fæl, umenneskeleg eller nedverdigande behandling, eller straff ved fridomsrøving. | Rapporten avdekka ikkje avvik, men kom med ei rekkje anbefalingar i høve til:<br>- Rett til medråderett<br>- Fysiske forhand og aktivitetar<br>- Beskyttelse og tryggleik<br>- Skjerming<br>- Bruk av tvangsmidlar<br>- Tvangsbehandling<br>- Husregler<br>- Politiets rolle<br>- Klage og kontroll | Helse Stavanger jobbar med å lukke saka. |
| **Skattetaten** | Helse Stavanger HF | Skatteetaten gjennomførte tilsyn ved Nye Stavanger sjukehus i høve til avtale mellom Skatteetaten og Sykehusbygg, som gjeld samarbeid og oppfølging av utvalde byggeprosjekter. Det blei gjennomført kontroll av HMS-kort og ID-dokumentar på byggeplass. | 1 person fikk utgått HMS kort inndratt. 8 personar hadde ikkje HMS kort med seg. Alle utanlandske arbeidstakarar er sjekka og ID kontrollert.<br><br>Rapport frå kontrollen ble sendt til byggherre 13.08.20. Byggherre (BH) for Nye Stavanger universitetssjukehus og Skatteetaten hadde oppfølgingsmøte 18.08.20 der funn frå kontrollen ble gjennomgått. | BH har sendt inn dokumentasjon for lukking av avvika og tilsynet blei avslutta 18.08.2020. |
| **Statens helsetilsyn** | Helse Vest RHF | Statens helsetilsyn har varsla tilsyn om aktivitet knytt til organdonasjon | Helse Vest RHF sendte inn etterspurd dokumentasjon 14.09.2020. | |
| **Statens helsetilsyn** | Helse Fonna HF | Statens helsetilsyn har hatt tilsyn med Haugesund sjukehus i høve til handtering av blod, blodkomponentar, celler og vev. | **Eitt avvik relatert til handtering av blod og blodkomponentar:**<br>«Helse Fonna HF utleverer blod og blodkomponenter til eksterne virksomheter for transfusjon, og har utarbeidet avtaler og prosedyrer for å sikre at alle pasienter mottar forsvarlige transfusjonstjenester. Helseforetaket har ikke fulgt opp at gjeldende avtaler og prosedyrer er gjort kjent, dekker alle relevante samarbeidsområder og blir etterlevd av partene. Den | Helse Fonna jobbar med å lukke avvika. |

| MYNDIGHETSORGAN (HVEM SOM UTFØRER TILSYNET) | HELSE-FØRETAK | OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET | HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK? | STATUS I SAKA OG NÅR AVVIK ER FORVENTA LUKKA |
|---|---|---|---|---|
| | | | manglende oppfølgingen kan medføre redusert pasientsikkerhet ved transfusjon».<br><br>**Ein merknad relatert til handtering av humane celler og vev:**<br>«Helse Fonna dokumenterer sporbarhetsopplysninger for høstet beinvev manuelt. Opplysningene oppbevares i permer ved operasjonsavdelingen. På tidspunktet for tilsynet var aktiviteten lav, og i 2019 ble det kun høstet bein fra to donorer. Helsetilsynet anbefaler at helseforetaket gjennomgår praksis ved dokumentasjon av sporbarhetsopplysninger i beinbanken og forbedrer sine rutiner dersom aktiviteten øker. | |
| **Statens helsetilsyn/ Fylkesmannen i Vestland**<br><br>**Landsomfattende tilsyn* | Helse Bergen HF | Fylkesmannen i Vestland har hatt tilsyn med Haukeland universitetssjukehus i høve til utlokaliserte pasientar. | **Fylkesmannens konklusjon:**<br>«Helse Bergen sørgjer ikkje for at tiltak for å redusere risiko for svikt i helsehjelpa ved utlokalisering av pasientar vert regelmessig evaluert og korrigert når det er naudsynt».<br><br>**Dette er brot på:** Lov om spesialisthelsetjenesten § 3-4 a, jf. forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten §§ 6 til 9. | Helse Bergen jobbar med å lukke saka. |
| **Landsomfattende tilsyn* | Helse Fonna HF | Fylkesmannen i Vestland har hatt tilsyn med Haugesund sjukehus i høve til utlokaliserte pasientar. | Fylkesmannen peiker på følgjande: Helse Fonna HF, Haugesund sjukehus har kunnskap om at fleire tiltak for å redusere risiko for svikt i helsehjelpa til utlokaliserte pasientar ikkje fungerer som føresett, men har hittil ikkje sett i verk korrigerande tiltak.<br><br>Dette er brot på lov om spesialisthelsetjenesten § 3-4a, jf. forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring §§ 6 til 9. | Helse Fonna jobbar med å lukke saka. |
| **Landsomfattende tilsyn* | Helse Førde HF | Fylkesmannen i Vestland har hatt tilsyn med Førde sentralsjukehus i høve til utlokaliserte pasientar. | **Fylkesmannen sin konklusjon:**<br>«Helse Førde sørgjer ikkje for at iverksette tiltak for å redusere risiko for svikt ved utlokalisering av pasientar blir regelmessig evaluert og korrigert når det er naudsynt».<br><br>**Dette er brot på:** Lov om spesialisthelsetjenester m.m. § 3-4 a, jf. forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten §§ 6 til 9. | Helse Førde jobbar med å lukke saka. |

| MYNDIGHETSORGAN (HVEM SOM UTFØRER TILSYNET) | HELSE-FØRETAK | OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET | HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK? | STATUS I SAKA OG NÅR AVVIK ER FORVENTA LUKKA |
|---|---|---|---|---|
| **Statens helsetilsyn** | Helse Fonna HF | Tilsyn 22.03.18 Tilsynet omfatta gjennomgang av styringssystemet ved AMK Haugesund sjukehus | <u>Fire avvik:</u><br><br>Avvik 1: Det er uklart kven som tek avgjerder om praksis i enkelte faglege spørsmål. Eit døme på dette er kven som avgjer praksis for bruk av naudnett for utalarmering av ressursar på natt (etter kl. 23) i område 3.<br><br>Avvik 2: Knapp kapasitet, små stillingsprosentar og lite tid/trening som operatør, gjer at risiko for svikt i vurdering og handtering av innkomne meldingar frå befolkninga er stor.<br><br>Avvik 3: AMK-sentralen følgjer ikkje alltid fastsette rutinar for bruk av Norsk medisinsk Indeks i samarbeid med andre relevante aktørar i akuttkjeda eller ved utalarmering av ressursar (sjå avvik l).<br><br>Avvik 4: Leiinga har ikkje følgt godt nok med på at praksis har vore i samsvar med dei mål, forventningar og krav som er stilt til denne tenesta. | Helse Fonna jobbar med å lukke saka. |
| **Statens legemiddelverk** | Helse Bergen HF | Statens legemiddelverk har gjennomført tilsyn med blodbanken. | Påviste avvik<br>(kritiske [K], store [S] eller andre [A]):<br><br>*Kvalitetsstyrings-system:*<br>1. Kvalitetssystemet er i nokre tilfelle ikkje tilstrekkeleg implementert. [A]<br>2. Frekvensen av eigeninspeksjon på sentrale element i blodbanken sin verksemd er for lav. [S]<br>*Personell:*<br>3. Stillingsinstrukser for enkelte leiarar blir ikkje følgt. [A]<br>*Dokumentasjon:*<br>4. Utfylling av dokumentasjon er tidvis mangelfull. [A]<br>*Tapping og produksjon:*<br>5. Rutinane for desinfisering av stikkstaden før tapping er ikkje tilfredsstillande og ikkje i tråd med egen prosedyre. [S] | Helse Bergen jobbar med å lukke avvika. |

| MYNDIGHETSORGAN (HVEM SOM UTFØRER TILSYNET) | HELSE-FØRETAK | OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET | HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK? | STATUS I SAKA OG NÅR AVVIK ER FORVENTA LUKKA |
|---|---|---|---|---|
| **Statens legemiddel-verk (AGA AS)** | Helse Stavanger HF | Tilsyn av medisinsk sentralgassanlegg. | Avvik på gassflaskar og slangar som er utgått på dato. Anbefalt utskifting av gamle regulatorer. Feil på røyrkoblingar. | Helse Stavanger har utbetra avvika og saka blei lukka den 01.09.2020. |
| **Stord kommune Brann og redning** | Helse Fonna HF | Branntilsyn ved Stord sjukehus 22.11.2016 | Eit avvik:<br>Eigar har ikkje sørgja for at brannobjektet er bygd, utstyrt og vedlikehalde i samsvar med gjeldande lover og forskrifter om førebygging av brann.<br><br>Det er registrert ein del avvik ved bygningsmassen til sjukehuset. Helse Fonna som eigar har gjennomført ein brannteknisk vurdering av heile bygningsmassen. Sjukehuset er godt i gang med å lukka dei fleste avvika. | Helse Fonna jobbar med å lukke avviket. |
| **Stord kommune Brann og redning** | Helse Fonna HF | Branntilsyn ved Stord sjukehus 14.11.2017 | Eitt avvik:<br><br>Eigar har ikkje sørgja for at brannobjektet er bygd, utstyrt og halde ved like i samsvar med gjeldande lover og forskrifter om førebygging av brann. | Helse Fonna jobbar med å lukke avviket. |
| **Årdal brannvern** | Helse Førde HF | Integrering av brannførebygging i HMS-systemet ved Lærdal sjukehus.<br>Verifisering av HMS-systemet ved gjennomgang av branndokumenta-sjon for objektet.<br>Verifisering av branndokumenta-sjon ved synfaring. | 5 avvik:<br><br>1. Det må bli utarbeida ei brannteknisk tilstandsanalyse på objektet.<br>2. Det må utarbeidast ei risikokartlegging.<br>3. Kontroll og vedlikehald; det er utarbeida plan for kontroll, men planen er ikkje fullstendig og ikkje alt blir gjennomført som føresett.<br>4. Eigardokumentasjon er berre delvis utarbeida.<br>5. Brannvernplan må implementerast. | Helse Førde jobbar med å lukke avvika. |
| **Klageorgan** | | | | |